



Innkalling av Næringsfondsstyret

Møtedato: 06.09.2017
Møtestad: Formannskapsrommet
Møtetid: 12.00 - 13.00

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
008/2017	Godkjenning av innkalling og saksliste
009/2017	Godkjenning av møtebok
010/2017	Referatsaker
011/2017	Orienteringssaker
012/2017	Tilskot til profileringsfilmar - friluftsturar i Modalen.

7. september 2017

Tom Kristian Thorsen
møteleiar

Oddvin Neset
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		17/238

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
008/2017	Næringsfondsstyret	PS	06.09.2017

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		17/238

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/2017	Næringsfondsstyret	PS	06.09.2017

Godkjenning av møtebok

Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Næringsfondsstyret - 01.06.2017

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		17/238

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
010/2017	Næringsfondsstyret	PS	06.09.2017

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
010/2017.1	Melding om nytt vedtak søknad til næringsfondet om bytte av drivstoffpumpe Coop

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Melding om nytt vedtak søknad til næringsfondet om bytte av drivstoffpumpe Coop

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		17/238

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
011/2017	Næringsfondsstyret	PS	06.09.2017

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE - 061	17/231

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
012/2017	Næringsfondsstyret	PS	06.09.2017
	Kommunestyret	PS	

Tilskot til profileringsfilmar - friluftsturar i Modalen.

Forslag til vedtak:

Modalen kommune løyver kr. 55 000,- i tilskot frå næringsfondet til utvikling av filmar som skal profilere friluftsturar i Modalen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Modalen har eit unytta potensial i naturressursen dei ulike turalternativa våre representerer (Slottet, Otterstadstølen m.fl.). Dette kan utnyttast i langt større grad enn slik det er i dag. Turane er lett tilgjengelege, og tilgjenget kan styrkast for langt fleire gjennom å marknadsføre tilbodet lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Med utgangspunkt i innspel frå Nese Media om å lage profileringsfilmar til bruk innanfor digital marknadsføring av kommunen, drøfta formannskapet 01.06.17 moglegheitane for å utvikle ein pilot. Piloten kunne danne utgangspunkt for ytterlegare 5 -6 filmar som skal kunne marknadsførast på kommunen si heimeside, Facebook og evt. Youtube.

Nese Media sendte eit tilbod som omfatta idèutforming og pris. Pris pilot: kr. 10 000,- samt kr. 7 000,- (eks. mva) pr. film utover dette.

Vurdering

Rådmannen vurderer slik at dette er i tråd med kommunen si satsing på reiselivsaktivitet både med omsyn til strategisk næringsplan frå 1998, samt revidert plan (under arbeid). Eit av fortrinna til Modalen er å kunne skape næringsaktivitet gjennom god forvaltning av naturressursane sine. Produktutvikling innanfor t.d. friluftsliv vil kunne bidra til dette. Dette er ein aktuell veg å gå for å trekke turisme til kommunen. Fleire turistar vil generere auka aktivitet, som igjen legg grunnlag for meir næringsaktivitet. Dette er i tråd med retningslinene for næringsfondet kap. 1.2 m.o.t.

næringsutvikling. Reiselivsmarknadsføring er trukke fram som eit område det kan gjevast stønad til (kap. 1.2.D).

Gjennom å ta steg i retning av digital marknadsføring vil me kunne nå mange fleire som kan tenkje seg å nytte turløypene me har å by fram. Turprofileringa rettar seg mot eit bredt publikum, inkl barnefamiljar. Modalen vil kunne styrkje seg som destinasjon i nordhordlands-/osterfjordregionen gjennom å ha fleire bein å stå på.

Vurderinga er at innanfor ei ramme på kr. 55 000,- vil me kunne inkludere 6 -7 av dei mest aktuelle turane våre.

Konklusjon

Rådmannen ynskjer å bidra til å utvikle det lokale reiselivet gjennom å produsere turfilmar som kan marknadsførast digitalt. Filmene skal gje publikum tilrettelagt informasjon som syt for at fleire vil velje å leggje turen til Modalen. Dette vil kunne ha positive ringverknadar for øvrig næringsliv.